

Gammelbustaen nordmed Femund

Elias Gjeltten skriv i "Et og andet fra Dalsbygden og annetsteds" om skrømteri og anna ved Kvennvika. Det var ei kjerring frå traktene der som var så tjuvaktig. Ein gong stal ho ein svart okse frå Joten og ei kvige frå Tufsingdalen og mykje meir. Tjuvkostene samla ho ved Gammelbustaen nordmed Femunden. Ved Settingen i Kvennvika har unsettingane no ei fin fiskebu og naust. Før dei bygde buer, hadde dei vel meir primitive husvære. Var det her dei kalla det Gammelbustaen? Kva tyder ordet bustaden her? Med bustad forstår vi vel no "ein plass der folk bur, eller har heimen sin (heile året)". Her har det aldri vore hus for bufaste folk eller seter, men husvære for sesongfiske eller slått. Frå Trysil er det nemnt at ei gapakoie som fløtarane brukte, kunne bli kalla busta (bustad). Ordet busta med same tyding er også brukt i Jemtland. (Opplysningane har eg frå Håvard Skirbekk "Hus og tun" Det norske samlaget 1962.)

Etter dette skulle ein kunne tru at namnet Gammelbustaen nordmed Femund var brukt om ei gammal gapakoie i Kvennvika!

Trygve Nesset, 2500 Tynset

